

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 42/2008**

**av 25. april 2008**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 1/2008 av 1. februar 2008<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 646/2007 av 12. juni 2007 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 med hensyn til fellesskapsmålet for å redusere prevalensen av *Salmonella enteritidis* og *Salmonella typhimurium* hos broilere og om oppheving av forordning (EF) nr. 1091/2005<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2007/407/EF av 12. juni 2007 om ei harmonisert overvaking av antimikrobiell resistens hjå *Salmonella* i fjørfe og svin<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2007/411/EF av 14. juni 2007 om forbud mot å bringe i omsetning produkter som er framstilt av storfe som er født og oppdrettet i Det forente kongerike før 1. august 1996, uansett formål, og om unntak for slike dyr fra visse bekjempelses- og utryddelsestiltak fastsatt i forordning (EF) nr. 999/2001 og om oppheving av vedtak 2005/598/EF<sup>(4)</sup> skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira<sup>(5)</sup> skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2007/570/EF av 20. august 2007 om endring av vedtak 2003/634/EF om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn

---

<sup>(1)</sup> TEU L 154 av 12.6.2008, s. 1, og EØS-tillegget til TEU nr. 33 av 12.6.2008, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 151 av 13.6.2007, s. 21.

<sup>(3)</sup> TEU L 153 av 14.6.2007, s. 26.

<sup>(4)</sup> TEU L 155 av 15.6.2007, s. 74.

<sup>(5)</sup> TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84.

til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksiøs hematopoietisk nekrose (IHN)<sup>(6)</sup> skal takast inn i avtala.

- 7) Forordning (EF) nr. 646/2007 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1091/2005<sup>(7)</sup>, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 8) Vedtak 2007/411/EF opphevar kommisjonsvedtak (EF) nr. 2005/598/EF<sup>(8)</sup>, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 9) Gjennom avgjerd i EØS-komiteen nr. 133/2007 av 26. oktober 2007 tok Island over dei rettsaktene som er nemnde i vedlegg I kapittel I, med unntak for føresegnene om levande dyr, utanom fisk og akvakulturdyr, og dyreprodukt som egg, embryo og sæd.
- 10) Rettsaktene som er nemnde i vedlegg I kapittel I skal gjelde for Island så sant det ikkje er nemnd for ei særleg rettsakt at ho ikkje skal gjelde for Island. I samband med fleire av rettsaktene som vert tekne inn i avtala må det difor nemnast at dei ikkje skal gjelde for Island.
- 11) Denne avgjerda skal gjelde for Island med overgangsperioden som er nemnd i nr. 2 i den innleiande delen av vedlegg I kapittel I for dei område som ikkje gjaldt for Island før dette kapittelet vart revidert ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 133/2007 av 26. oktober 2007.
- 12) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
  
”– **32007 D 0570**: Kommisjonsvedtak 2007/570/EF av 20. august 2007 (EUT L 217 av 22.8.2007, s. 36).”
2. I del 7.2 etter nr. 46 (kommisjonsvedtak 2007/182/EF) skal nye nr. 47–49 lyde:  
  
”47. **32007 R 0646**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 646/2007 av 12. juni 2007 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF)

---

<sup>(6)</sup> TEU L 217 av 22.8.2007, s. 36.

<sup>(7)</sup> TEU L 182 av 13.7.2005, s. 3.

<sup>(8)</sup> TEU L 204 av 5.8.2005, s. 22.

nr. 2160/2003 med hensyn til fellesskapsmålet for å redusere prevalensen av *Salmonella enteritidis* og *Salmonella typhimurium* hos broilere og om oppheving av forordning (EF) nr. 1091/2005 (EUT L 151 av 13.6.2007, s. 21).

48. **32007 D 0407**: Kommisjonsvedtak 2007/407/EF av 12. juni 2007 om ei harmonisert overvaking av antimikrobiell resistens hjå *Salmonella* i fjørfe og svin (EUT L 153 av 14.6.2007, s. 26).
  49. **32007 D 0453**: Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira (EUT L 172 av 30.6.2007, s. 84).”
3. Teksta i del 7.2 nr. 26 (kommisjonsforordning (EF) nr. 1091/2005) vert oppheva.
  4. I del 7.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” skal teksta i nr. 41 (kommisjonsvedtak 2005/598/EF) lyde:

”**32007 D 0411**: Kommisjonsvedtak 2007/411/EF av 14. juni 2007 om forbud mot å bringe i omsetning produkter som er framstilt av storfe som er født og oppdrettet i Det forente kongerike før 1. august 1996, uansett formål, og om unntak for slike dyr fra visse bekjempelses- og utryddelsestiltak fastsatt i forordning (EF) nr. 999/2001 og om oppheving av vedtak 2005/598/EF (EUT L 155 av 15.6.2007, s. 74).
  5. I del 1.2 nr. 133 (kommisjonsvedtak 2007/16/EF) vert setninga ”Denne rettsakten får ikke anvendelse for Island” lagd til.
  6. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” vert setninga ”Denne rettsakten får ikke anvendelse for Island” lagd til i nr. 35 (kommisjonsvedtak 2007/123/EF), 36 (kommisjonsvedtak 2006/800/EF), 37 (kommisjonsvedtak 2006/802/EF), 38 (kommisjonsvedtak 2007/18/EF), 39 (kommisjonsvedtak 2007/19/EF) og 40 (kommisjonsvedtak 2007/24/EF).
  7. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” vert setninga ”Denne rettsakten får ikke anvendelse for Island” lagd til i nr. 58 (kommisjonsvedtak 2007/17/EF).

## Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 646/2007 og vedtak 2007/407/EF, 2007/411/EF, 2007/453/EF og 2007/570/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. april 2008, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 25. april 2008.

For EØS-komiteen

***Alan Seatter***

Formann

---

(\*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.